

Fiskestart 15. juni

03.06.2014



Jostein Almås frå Stord er klår for ei ny fiskesesong i elva

Fiskesesongen i Uskedalselva startar 15. juni klokka 0.00, opplyser elveigarlaget. Det er 75 fiskedøgn og det siste er 31.august.

For å fiske opninga kjøpar ein kort for 14. juni som varar til klokka 18 15. juni, altså 18 timar

For sluttdøgnet kjøpar ein kort frå 31. august til ut 1. september - tilsaman 30 timar.

I samband med fiskestarten har uskedalen.no mottatt dette spørsmålet frå Frank Pedersen i Danmark:

- Er jeg den eneste der undrer på at det snart er et år siden det var nyt frå Elveigarlauguet?

I oppsummeringa etter årsmøtet på heimesida til elveigarlaget vert det konstatert at andel oppdrettslaks i elva er særst liten, men at det er urovekkjande mykje luseskade på auren. Truleg har tiltaka ifjor hatt effekt, men dei var ikkje store nok.

Det vert nå tak på 10 kort i døgnet, 1 fisk pr. døgn pr. kort og maksimalt 5 fisk pr. sesong pr. fiskar. Det vert forbod mot å sette ut att fisk som har vore på land

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen